

Saksframlegg

Sakshandsamar: Eirik Røysi
Arkivsaksnr.: 14/822-11

Arkiv: L32

Godkjenning av nye vegnamn i Sogndal kommune

* Tilråding:

1. Formannskapet godkjenner fylgjande framlegg til 80 nye vegnamn i Sogndal kommune

Gate kode	Tilråding	Gate kode	Tilråding	Gate kode	Tilråding
1300	Møllevegen	13380	Olahagen	14040	Ølnes
6910	Brotane	13420	Fosskamben	14050	Steigavegen
6920	Trekolvegen	13430	Kambagjerdet	14060	Årøy
6930	Kolmilevegen	13470	Kleiv	14080	Englandsvegen
10600	Nedre Amla	13480	Høljarvollen	14090	Hovdane
10910	Vedlegjerdsvegen	13490	Langavellene	15000	Manhellervegen
10920	Meisterkleiv	13500	Kollsetevegen	15010	Barsnesvegen
10930	Kleivane	13510	Skirsetevegen	15030	Einehaugvegen
13000	Bjåstadvegen	13520	Kriken	15090	Gamle Kaupangsvegen
13010	Stølaholmen	13540	Fretlandsvegen	15100	Fimreitevegen
13020	Horpedalsvegen	13550	Elvagjengsvegen	15120	Eidsgrendi
13030	Supphellevegen	13590	Notsetevegen	15130	Skogavegen
13040	Våtviksvegen	13600	Avsølevegen	15160	Øvste Skogen
13050	Bøyavegen	13610	Nedrehagen	15180	Haukåsen
13060	Mundalsvegen	13620	Eggjagrendi	15190	Festingdalsvegen
13070	Fjærlandsfjorden	13630	Åsavegen	15200	Vestreimsvegen
13080	Fruhilleren	13650	Flatavegen	16000	Norafjordvegen
13130	Skeide	13660	Stenhjemsvegen	16030	Gardselvegen
13180	Lidal	13670	Flugheimsvegen	16040	Indre Slinde
13190	Anestølsvegen	13680	Gorvinsvegen	16050	Norneshaugane
13210	Nysetevegen	13690	Stemmehaugen	16060	Skorsvegen
13230	Vatnasete	13700	Kvåle	16070	Stølsvegen
13260	Torstadhagen	13710	Drivdalsvegen	16090	Nornes
13300	Nærestadli	13720	Fjærlandsvegen	16110	Ylvisåker
13330	Storebøvegen	14000	Lustravegen	16120	Øvstedalsvegen
13360	Vasslivegen	14020	Kvamsvegen	16130	Øyragrendi
13370	Hodlekvevegen	14030	Kvamsviki		

2. Sogndal kommunen reiser namnesak for fastsetjing av skrivemåten for vegnamna 13660 Stenhjemsvegen, 13480 Høljarvollen, 13770 Hodlekvevegen, 16040 Indre Slinde og 10910 Vedlegjerdsvegen. Medfører namnesaka at offisiell skrivemåte for nokon av dei vedtekne vegnamna

vert endra, skal skrivemåten for namnet i sentralt stadnamnregister (SSR) leggjast til grunn for vegnamnet.

Vedlegg:

1. Mottekne innspel i 1. høyringsrunde
2. Referat 1 (frå namnenemnda si handsaming etter 1. høyringsrunde)
3. Mottekne innspel i 2. høyringsrunde
4. Referat 2 (frå namnenemnda si handsaming etter 2. høyringsrunde)
5. 6 stk. oversiktskart m/plassering av adresseparsellar
6. Lokal adresseforskrift

Saksutgreiing:

Kommunestyret vedtok 14.11.2013 lokal «Forskrift for namsetjing, adressering og adresseforvaltning i Sogndal kommune». Jf. forskrifta § 2 er rådmannen adressemyndigheit i kommunen med ansvar for adresseforvaltning og tildeling av offisielle adresser etter reglane i matrikkellova, med saksførebuande arbeid knytt til fastsetjing av vegnamn og skrivemåte etter stadnamnlova. Adressemyndigheita har ut frå definisjonane i forskrifta føreteke oppdeling av vegnettet i adresseparsellar. Oppdeling i adresseparsellar skjer ut frå adresseringstekniske reglar i forskrifta og kan ikkje påklagast.

Jf. forskrifta §3 er Formannskapet namnemyndigheit og har ansvar for tildeling av vegnamn og gjere vedtak om skrivemåten av stadnamn/vegnamn etter reglane i stadnamnlova.

Det er utpeika ei namnenemnd, jf. §4 i forskrifta. Namnenemnda, som er kommunen sitt rådgjevande organ i namnesaker, har fått i oppdrag å kome med framlegg til vegnamn på adresseparsellane som adressemyndigheita har oppretta. I arbeidet har nemnda nytta seg av lokalthistoriske kjelder i tillegg til kontakt med personar i lokalmiljøa der adresseparsellane ligg.

1. Høyringsrunde

Nammenemnda sine framlegg har vore utlagt til høyring for berørte partar, Kartverket og Namnekonsulenttenesta for Vestlandet. I fyrste høyringsrunde, der høyringsfristen gjekk ut 20.12.2014, hadde namnenemnda med framlegg til nye vegnamn på 72 adresseparsellar. Det kom inn 39 ulike innspel frå grupper av personar, enkeltpersonar og frå Stadnamntenesta for Vestlandet. Namnenemnda har vurdert dei ulike innspela i referatet frå 1. høyringsrunde og konkludert med si tilråding.

2. Høyringsrunde

Som fylgje av innspela 1. høyringsrunde endra namnenemnda sine framlegg til vegnamn på 15 av adresseparsellane. Desse 15 endringane vart utlagde til høyring i ein 2. høyringsrunde med uttalefrist 24.07.2015.

For ein av parsellane, 15060 LOFTESNES, kom det i innspel i 1. høyringsrunde fram tilhøve som medførte at adressemyndigheita måtte revurdere utstrekninga av adresseparsellen.

Endringa førte til at adresseparsellen vart for kort og fekk for få adresseeiningar, ut frå retningslinene i adresseforskrifta, til å utgjere ein eigen adresseparsell. Såleis utgår denne parsellen. Namnenemnda har gjort greie for dette i sin kommentar til innspel 7, i referatet frå den 1. høyringsrunden.

Pågåande etablering av byggjefelt i Kaupanger, Kjørnes og Nedrehagen har medført at adressemyndigheita også ut frå føreliggjande utbyggjingsplanar har funne det påkrevd med etablering 7 nye adresseparsellar, 3 i Kaupanger, 3 på Kjørnes og 1 i Nedrehagen. Namnenemnda sine framlegg til namn på desse parsellane vart også utlagt i 2. høyringsrunde.

I 2. høyringsrunde kom det inn fylgjande innspel:

- Frå Stadnamntenesta for Vestlandet vedkomande 3 av dei nye namna
- Innspel frå Kartverket med etterlysning av kommunen si innstilling til 6 vegnamn frå fyrste høyringsrunde, der namnenemnda ikkje har fylgt stadnamntenesta si tilråding. Eit av desse er eit eksisterande ikkje godkjent vegnamn 10600 Amla Nedre, som Kartverket og Stadnamntenesta krev endra til Nedre Amla.
- 7 innspel frå privatpersonar/grupper av privatpersonar.

Namnenemnda har vurdert dei ulike innspela i referatet frå 2. høyringsrunde og konkludert med si tilråding.

I tabellen nedanfor er dei til saman 80 adresseparsellane som skal namnsetjast oppførte kronologisk etter stigande gatekode og med namnenemnda sitt endelege framlegg til vegnamn. For vegnamna med kvit bakgrunn har namneframlegga vore gjennom høyringsrundane utan at det er kome innspel frå nokon av høyringsinstansane. Gul bakgrunnsfarge viser at det har kome innspel til namneframlegget. Synspunkta i innspela er summerte opp, vurderte og kommenterte av namnenemnda i referata frå dei to høyringsrundane. Kolona til høgre i tabellen viser til kva referat og sidetal i referat(a) der det aktuelle innspelet er kommentert.

Gate kode	Framlegg til formannskapet	Grunngjeving
1300	Møllevegen	
6910	Brotane	Ref. 2, side 1 og 2
6920	Trekolvegen	
6930	Kolmilevegen	
10600	Nedre Amla	Ref. 2, side 3
10910	Vedlegjerdsvegen	Ref. 2, side 2
10920	Meisterkleiv	
10930	Kleivane	
13000	Bjåstadvegen	
13010	Stølaholmen	Ref. 1, side 4, 10 og 11 og Ref. 2 side 4
13020	Horpedalsvegen	
13030	Supphellevegen	Ref. 1, side 11
13040	Våtviksvegen	Ref. 1, side 4, 10 og 11 og Ref. 2 side 5
13050	Bøyavegen	
13060	Mundalsvegen	
13070	Fjærlandsfjorden	Ref. 1, side 4 og 5, 10 og 11
13080	Fruhilleren	Ref. 1, side 4
13130	Skeide	Ref. 2, side 3 og 4
13180	Lidal	
13190	Anestølsvegen	
13210	Nysetevegen	

13230	Vatnasete	Ref. 1, side 4
13260	Torstadhagen	
13300	Nærestadli	Ref. 2 side 2
13330	Storebøvegen	Ref.1, side 4
13360	Vasslivegen	
13370	Hodlekvevegen	Ref. 1 side 3 og Ref. 2 side 3
13380	Olahagen	Ref. 1, side 3
13420	Fosskamben	
13430	Kambagjerdet	
13470	Kleiv	
13480	Høljervollen	Ref. 1, side 3 og Ref. 2 side 3
13490	Langavellene	Ref. 1, side 3
13500	Kollsetevegen	
13510	Skirsetevegen	
13520	Kriken	Ref. 1, side 3
13540	Fretlandsvegen	Ref. 1, side 2
13550	Elvagjengsvegen	
13590	Notsetevegen	
13600	Avsølevegen	
13610	Nedrehagen	
13620	Eggjagrendi	Ref.1. side 2
13630	Åsavegen	
13650	Flatavegen	Ref. 1, side 2
13660	Stenehjemsvegen	Ref. 1 , side 2 og Ref. 2, side 3
13670	Flugheimsvegen	
13680	Gorvinsvegen	
13690	Stemmehaugen	Ref. 1, side1 og 2
13700	Kvåle	Ref. 1, side 1 og 10
13710	Drivdalsvegen	
13720	Fjærlandsvegen	
14000	Lustravegen	Ref 1, side 12 og 13
14020	Kvamsvegen	
14030	Kvamsviki	
14040	Ølnes	
14050	Steigavegen	
14060	Arøy	
14080	Englandsvegen	
14090	Hovdane	Ref.1, side5
15000	Manhellervegen	Ref.1, side8
15010	Barsnesvegen	Ref.1, side 8,9
15030	Einehaugvegen	
15090	Gamle Kaupangsvegen	Ref.1, side 6,7 og 8
15100	Fimreitevegen	
15120	Eidsgrendi	
15130	Skogavegen	
15160	Øvste Skogen	Ref. 1, side 16
15180	Haukåsen	
15190	Festingdalsvegen	Ref.1, side 5
15200	Vestreimsvegen	Ref.1, side 5
16000	Norafjordvegen	Ref. 1, side 13,14 og 16
16030	Gardselvegen	
16040	Indre Slinde	Ref. 1, side 14 og 15 og Ref. 2, side 5
16050	Norneshaugane	
16060	Skorsvegen	Ref. 2, side 2
16070	Stølsvegen	Ref.1, side 15
16090	Nornes	Ref.1, side 15

16110	Ylvisåker	
16120	Øvstedalsvegen	Ref.1, side 16
16130	Øyragreudi	Ref.1, side 16

Høyring/namnesak: Innanfor fastlagde rammer er det kommunen som gjer endeleg vedtak etter stadnamnlova for skrivemåte for namn på kommunale vegar. Før kommunen kan gjer lovleg vedtak, skal berørte partar, kartverket og Stadnamntenesta har hatt høve til å uttale seg. Om vegnamnet eller ein del av namnet er eit stadnamn eller gardsnamn som er registert i Sentralt Stadnamn Register (SSR), må skrivemåten samsvare med godkjend skrivemåte i SSR og elles fylgje vanlege rettskrivingsreglar. Gjer kommune vedtak om skrivemåte for vegnamn som avvik frå dette, kan namnet ikkje takast i bruk før det har vore reist namnesak hos Kartverket for fastsetjing av offisiell godkjend skrivemåte for namnet.

For nokre av namna har namnenemnda ikkje fylgt tilrådd/pålagt skrivemåte frå Stadnamntenesta for Vestlandet. Bakgrunnen for det er at namnenemnda finn at tilrådd/ pålagt skrivemåte skil seg til dels mykje frå og verkar framandgjerande i høve til slik namnet vert nytta i daglegtale. I høyringsrunde 2 bad kartverket kommunen klargjere sitt standpunkt til i høve til fylgjande namn der Stadnamntenesta for Vestlandet(STV) sine innspel ikkje var tekne til fylgje av namnenemnda:

- 13660 STENEHJEMSVEGEN (STV tilråding: Stenageimsvegen) (Kommentar: Ref. 1 side 2)
- 13480 HØLJARVOLLEN (STV tilråding: Hyljarvollen) (Kommentar: Ref. 1 side 3)
- 13770 HODLEKVEVEGEN (STV tilråding: Hollekvevegen) (Kommentar: Ref. 1 side 3)
- 4900 ÅBERGEVEGEN (STV tilråding: Åbergsvegen) (Kommentar: Ref 2 side 3)
- 10600 AMLA NEDRE (STV tilråding: Nedre Amla) (Kommentar: Ref. 2 side 3)
- 16040 (INDRE)SLINDE (STV tilråding (Indre) Slinda) (Kommentar: Ref.1 side 6)

Med tilvising til dei refererte grunngjevingane har namnenemnda tilrådd å halde fast på sine framlegg til skrivemåte for gatekode 13660,13480,13370 og 16040, og rår til at kommunen reiser namnesak for skrivemåten av desse namna.

4900 ÅBERGEVEGEN var teke i bruk før Stadnamnlova tok til å gjelde og er såleis automatisk godkjent i SSR.

10600 AMLA NEDRE er i tabellen ovanfor tilrådd endra til 10600 NEDRE AMLA

I 2. høyringsrunde kom Stadnamntenesta også med tilråding/pålegg om endring av vegnamnet 10910 VEDLEGJERDSVEGEN (STV tilråding. Vellegjerdsvegen) (Kommentar: Ref. 2 side 2) Namnenemnda rår kommunen til å reise namnesak for skrivemåten også for dette namnet.

Vurdering:

Framlegg til nye vegnamn har vore eit omfattande arbeid i administrasjonen og i namnenemnda og framlegg til namn har blitt høyrte med eit breitt engasjement. Rådmannen meiner at namnenemnda har gjort eit godt arbeid, og at nemnda tilrår namn for 80 vegparsellar som er i samsvar med tradisjonen for namnsetjing som er i kommunen. På denne bakgrunn rår rådmannen formannskapet til å vedta namnenemnda sine framlegg til nye vegnamn i kommunen. Rådmannen rår også formannskapet til å reise namnesak for fastsetjing av skrivemåten for vegnamna 13660 Stenehjemsvegen, 13480 Høljarvollen, 13770 Hodlekvevegen, 16040 Indre Slinde og 10910 Vedlegjerdsvegen. Skulle namnesaka medføre at offisiell skrivemåte for nokon av dei vedtekne vegnamna vert endra, rår

rådmannen til at det vert vedteke at den offisielle skrivemåten i SSR skal leggjast til grunn for vegnamnet

Sogndal 23.09.2015

Jostein Aanestad
rådmann